



# STRYN KOMMUNE

## MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 134/05	Formannskapet	28.06.2005

Ref: 05/802 -1 Ark. 601  
Sakshandsamar: Harald Risnes

### Endring i regelverk for offentlege anskaffelser - Høyring.

#### Presentasjon:

Moderniseringsdepartementet har utarbeidd høyringsnotat med forslag til ny forskrift om offentlege anskaffelser, og forslag til endring i lov om offentlege anskaffelser og forskrift om klagenemnde for offentlege anskaffelser.

#### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Lov om offentlege anskaffelser.
- Forskrift om offentlege anskaffelser.
- Forskrift om klagenemnd for offentlege anskaffelser.

#### Aktuelt sakstilfang:

#### Vedlagt saka:

- Høyringsbrev av 06.04.05.
- Forslag til protokoll for anskaffelser mellom 50 000 – 500 000 kroner eks. mva.
- Forslag til protokoll for anskaffelser som overstig kr. 500 000 eks. mva.

#### Ikkje vedlagt:

- Høyringsnotat.

#### Saksopplysningar:

Sentrale forslag i høyringsnotatet er:

- Heving av den nasjonale terskelverdien til kr. 500 000.
- Tilrettelegging for moderne innkjøpsprosessar – elektroniske anskaffelser vert likestilte med offentlege anskaffelser.
- Meir pedagogisk oppbygging av forskrifta og generell forenkling av reglane.
- Innføring av overtredelsesgebyr mot ulovleg direkte anskaffelser.
- Protokollplikt for alle anskaffelser over kr. 50 000 – plikta kan oppfyllest ved å fylle ut eit brukarvennleg skjema.
- Omsynet til universiell utforming vert synleggjort i lov og forskrift – skal gje auka tilgang for personar med nedsett funksjonsevne.

Det vert elles vist til høyringsbrevet som ligg ved.

Høyringsfristen er 6. juli 2005.

### **Vurdering:**

Det er positivt at den nasjonale terskelverdien vert auka frå kr. 200 000 til kr. 500 000 ekskl.mva., men eg er svært betenkt over ei protokollplikt for alle anskaffelser mellom kr. 50 000 og kr. 500 000 ekskl.mva.. Betenkelegheita går i hovudsak på minstebeløpet – ikkje på prinsippet. Den nedre grensa bør i alle høve setjast til kr. 100 000 ekskl.mva – helst kr. 200 000. Dette for å unngå mykje ”regelarbeid” på forholdsvis små innkjøp. Til orientering vedtok Stryn kommunestyre i 1997 innkjøpsinstruks der grensa for direkte innkjøp vart sett til kr. 100 000 av same grunn.

Fokuset som no vert retta mot innkjøpsområdet gjer at vi nok må sjå nærare på dette. Dette kjem eg tilbake til seinare.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Stryn formannskap viser til forslag om endringar i regelverket for offentlege anskaffelser. Med unnatak for protokollplikt for alle anskaffelsar over kr. 50 000, har ikkje formannskapet merknader til endringsforslaga. Protokollplikta må, for å unngå eit omfattande ”regelarbeid” for forholdsvis små beløp, hevast til kr. 100 000.

### **Handsaming i Formannskapet 28.06.2005.**

#### **- Framlegg frå repr. Per Kjøllesdal (Sp):**

”Protokollplikta vert heva til kr. 200 000,-”

#### **FO-134/05 Vedtak:**

Med repr. Kjøllesdal sitt endringsframlegg vart rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

---

**Sign.**

Harald Risnes  
- sekr.-

**Utskrift sendt til:**  
Moderniseringsdepartementet